



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 08.12.2014

---

**Sak nr.:** 14/6116-24

**Internt l.nr.:** 39437/14

**Sak:** 147/14

**Tittel:** **Nasjonal transportplan 2018 - 2027, analyse av lufthamnstrukturen**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Det har skjedd endringar på riksvegnettet i Sogn og Fjordane. Riksvegnettet og fylkesvegnettet er langt i frå godt nok utbetra til at det kan nyttast som argumentasjon for nedlegging av ein eller fleire flyplassar i Sogn og Fjordane, utan at det medfører store ulemper for dei reisande/brukarane av flyplassane.
2. Ei nedlegging av 1 eller 2 lufthamner i Sogn og Fjordane vil føre til avgjerande store ulemper for næringslivet, kommunar og regionale statsetatar gjennom lengre reisetid og mindre moglegheiter for å oppretthalde aktiviteten sin i Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at det ikkje er grunnlag for å gjere endringar i strukturen på kortbanenettet, og krev difor at denne vert oppretthalden som i dag. Næringslivet er heilt avhengig av flyplassane for å vere lokaliserte i fylket. Kontakt med marknad og samarbeidspartar er avgjerande for aktiviteten. Flyplassane er ein viktig del av drifta, og er ein forutsetning for å redusere konkurranseulempene. Fylkestinget ber om at slike element vert tekne inn som ein del av dei samfunnsmessige vurderingane av strukturen. Vidare må eksisterande rutefrekvens på offentleg transport som båt og buss være ein del av berekninga av reisetida.
3. I kartleggingsarbeidet frå flyplasskommunane er det påpeikt feil/svakheiter i datagrunnlaget i Avinor sitt analysegrunnlag. Dette gjeld mellom anna reisetid, influensområde og data frå reisevaneundersøkinga. Fylkestinget ser det som svært uheldig om Avinor si tilråding til ny lufthamnstruktur vert basert på eit feilaktig faktagrunnlag og ber Avinor om å rette opp feil i grunnlagsmaterialet sitt.